

# **SOGN OG FJORDANE NEI TIL EU**

## **ÅRSMELDING 2016 – 2017**

### **Fylkesårsmøtet 2016**

Årsmøtet til Sogn og Fjordane Nei til EU blei halde 24. september 2016 på Førde Hotell. Årsmøtet hadde 24 frammøtte frå 13 lokallag og 2 gjester.

Etter fylkesårsmøtet har styret hatt slik samansetnad:

**Leiar:** Erlend Haugen Herstad

**Styremedlemmar:** Ingunn Kandal, Kari-Ann Søreide, Einar Duvold, Brit Inger Skaar og Reidar Fugle Nordhaug.

**Varamedlemmar:** Silja Juklestad, Per Birger Lomheim, Olav Herstad og Anna Avdem.

**Revisorar:** Lars Åge Hilde og Erik Ivar Ulvedal

**Valnemnd:** Håkon Giil (leiar), Aud Lunde og Trygve Harry Veum. Sistnemnde ba om å bli fritaken, og Bjørg Bergheim tok over hans plass i valnemnda.

### **Årsmøtet vedtok to fråsegner:**

EØS gjer helikoptertransport farlegare

Gjer kommunale vedtak mot TISA-avtalen

### **Styret**

Etter det konstituerande styremøtet den 28. november har arbeidet vore fordelt slik:

**Leiar:** Erlend Haugen Herstad

**Nestleiar:** Ingunn Kandal

**Kvinnepolitisk ansvarleg/Ungdomsansvarleg:** Kari-Ann Søreide

**Fagleg ansvarleg og studieansvarleg:** Brit Inger Skaar

**Økonomisk ansvarleg:** fylkessekretær Jan Steinholt til 15.januar 2017, då ordninga med faste fylkessekretærar frå NTEU sentralt vart avslutta. Etter dette har NTEU sentralt fungert som økonomiansvarleg fram til fylkesårsmøtet jan. 2018

**Utsettingar til rådsmøtet:** Erlend Haugen Herstad, vara Einar Duvold  
Ingunn Kandal, vara Kari-Ann Søreide

## **Utendingar til landsmøtet på Hamar 11.-13. nov.:**

Leiar Erlend Haugen Herstad er sjølvskreven.

**Valde kvinnelege utendingar:** Ingunn Kandal, Kari-Ann Søreide, Brit Inger Skaar

**Vara:** Eldbjørg Stegane Engebø, Aud Lunde og Silja Juklestad

**Valde mannlege utendingar:** Einar Duvold, Reidar Fugle Nordhaug, Jostein Hansen

**Vara:** Einar Rysjedal, Per Birger Lomheim og Håkon Giil

Jan Steinholt slutta formelt i stillinga som fylkessekretær/økonomiansvarleg i 25% stilling med verknad frå 15. januar, etter at fylkessekretærordninga blei redusert som følge av at NTEU har fått mindre støtte frå m.a. Landbrukssamvirke.

Styret har hatt 5 styremøte og handsama 31 saker. To av styremøta har vore haldne over telefon.

## **Representasjon og deltaking**

Kari-Ann Søreide deltok på NTEU sitt kvinneseminar 4.-5. nov der tema m..a var sosial dumping og kamp mot velferdsprofitørane. Det er 12 kommunar i Sogn og Fjordane som brukar vikarar frå Orange Helse, etter tilråding frå fylkeskommunen. Orange Helse er eit selskap med base i Aust-Europa som driv med utleige av helsepersonell, eit skuleeksempel på sosial dumping, og dette er ei sak NTEU må følge opp.

Nestleiar møtte på konferansen "Verden er større enn EU" 3.- 4. mars og på rådsmøtet 5. mars og rådsmøte 18.-19.nov. + jordbruksseminar 17.nov.

Erlend Herstad, Einar Duvold, Jostein Hansen, Kari-Ann Søreide og Ingunn Kandal møtte på landsmøtet på Hamar 11.-13.nov. Brit Inger Skaar og Per Birger Lomheim måtte melde forfall, men ingen vara kunne møte.

Håkon Giil møtte som leiar i kontrollkomiteen.

Håkon Giil held fram som leiar i kontrollkomiteen for Nei til EU sentralt.

Ingunn Kandal helsa frå NTEU på Raudt sitt årsmøte 11. februar på Skei.

## **Kontakt med lokallaga**

Fylkestyret har fordelt lokallaga mellom seg og har ansvar for å halde kontakt med kvar sine lag. Dette har ikkje fungert godt nok dette året. Det har ikkje vore sendt ut innrapporterings skjema der lokallaga kan rapportere aktivitet og få utbetalt lokallagstilskot tilsvarande 25% av overføringane frå sentralt. Dette må rettast opp i 2018.

Det vart sendt ut eit julekort til alle lokallaga, med bilete av fylket sin delegasjon på landsmøtet 2016 og med lenkje til aktuelle saker.

## **Medlemssituasjonen**

Medlemstal pr. aug. 2016: 1251, av desse er 222 husstandsmedlemmar.

Pr. 01.01.2018: 1227

Nedgangen i medlemstal har stoppa litt opp. Men vi har ikkje vore gode nok på verving. Her må vi auke innsatsen. I tillegg er det viktig med lokal aktivitet, både i lokalmiljøet og i media for at vi skal auke medlemstalet.

## **Den politiske situasjonen.**

Den viktigaste saka no er om Noreg skal slutte seg til EU sin energiunion ACER. Saka kjem opp i Stortinget i løpet av våren. Det er viktig å stoppe dette, og NTEU meiner at det dette er suverenitetsavståing som krev  $\frac{3}{4}$  fleirtal på Stortinget.

## **Presse- og informasjonsarbeid.**

Sluttrapport frå det vellukka TISA-møtet på Skei i januar 2016, er sendt UD. Vi fekk 25 000 i støtte.

Vi bestilte 40 000 eks av Nei til EU sin valavis, Standpunkt. Denne blei fordelt i postkassar i heile fylket før Stortingsvalet i september. Takk til frivillige og parti som stilte opp og var med på utdelinga.

NTEU har fått nye nettsider. Fylket si nettside er no oppdatert.

Det blei oppretta ei eiga Facebook-side for fylkeslaget i oktober 2015. Pr. 31.12. har denne sida 159 følgjarar.

Vi må bli flinkare til å bruke media, både avisene og FB i tillegg til dei nye nettsidene. Dette gjeld både fylkeslaget og lokallaga.

## **Fylkesarkivet**

### **Dette er innlevert våren 2017:**

Møtebøker for fylkesstyremøte: Alle møtebøker fram t.o.m. fylkesårsmøtet 2016

Førde, 27. januar 2018.

Ingunn Kandal (sign)                      Einar Duvold (sign)    Reidar Fugle Nordhaug (sign)

Kari-Ann Søreide (sign)                Brit Inger Skaar (sign)